

# Vurderingsrettleiing

2011

NOR1211 Norsk hovudmål

NOR1212 Norsk sidemål

NOR1218 Norsk for elevar med samisk som andrespråk

Elevar og privatistar

OBS ny informasjon om eksamensoppgåvene på side 7!

# Vurderingsrettleiing til sentralt gitt skriftleg eksamen 2011

Denne vurderingsrettleiinga gir informasjon om sentralt gitt eksamen og korleis han skal vurderast. Vurderingsrettleiinga skal vere kjend for elevar, lærarar og føresette i god tid før eksamen. Sensorane skal bruke vurderingsrettleiinga som ei felles referanseramme i arbeidet sitt.

Vurderingsrettleiinga består av ein generell del (del 1), som gjeld for eksamen i alle fag, og ein fagspesifikk del (del 2).

## Del 1

### Organisering av sentralt gitt skriftleg eksamen

Sentralt gitt skriftleg eksamen varer i 5 timar. Så langt det er mogeleg, bør sentralt gitt eksamen vere [IKT-basert](#).

Sentralt gitt skriftleg eksamen kan organiserast med eller utan førebuingsdag. Om det er førebuingsdag til eksamen i eit fag, går fram av del 2 i vurderingsrettleiinga.

På førebuingsdagen er alle hjelpemiddel tillatne, inkludert bruk av Internett. Førebuingsdagen er obligatorisk skoledag for elevar. I førebuingstida kan eksaminandane samarbeide, hente informasjon og få rettleiing.

### Hjelpemiddel til sentralt gitt eksamen

Sentralt gitt eksamen kan følgje to ulike modellar. Kva for hjelpemiddel som er tillatne, er avhengig av kva for ein av dei to modellane som er vald.

- **Modell 1 – Eksamen**  
Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. For norsk, samisk, finsk som andrespråk og framandspråka er heller ikkje omsetjingsprogram tillatne.
- **Modell 2 – Todelt eksamen**  
Del 1 – Skrivesaker, passar, linjal med centimetermål og vinkelmålar er tillatne.  
Del 2 – Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.

Den fagspesifikke delen av vurderingsrettleiinga gir informasjon om kva modell som blir brukt i det enkelte faget.

Gjennom opplæringa i det enkelte faget skal elevane ha fått rettleiing i å vurdere kva hjelpemiddel dei vil ha nytte av i arbeidet med å løyse ulike typar oppgåver. Det er eleven sjølv, gjerne i samråd med læraren, som finn fram til kva hjelpemiddel som er formålstenlege.

## Bruk av kjelder

Dersom det er aktuelt for eleven å bruke kjelder i svaret, må desse kjeldene førast opp på ein etterretteleg måte. Det finst ulike måtar å føre opp kjelder på. Det er viktig at kjelder som blir brukte til eksamen, blir førte opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.

Eleven skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på så vel lærebøker som annan litteratur. Dersom eleven bruker utskrift eller sitat frå nettsider, skal han/ho føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. Sjå òg del 2.

Dersom sensor mistenkjer at eit svar inneheld kopiert materiale utan kjeldetilvising, kan svaret sendast til plagiatkontroll.

## Vurdering av eksamenssvar

Læreplanane og forskrift til opplæringslova er grunndokument for vurderingsarbeidet. Forskrift til opplæringslova §§ 3-25 og 4-18 slår fast:

*Eksamen skal organiserast slik at eleven/deltakaren eller privatisten kan få vist kompetansen sin i faget. Eksamenskarakteren skal fastsetjast på individuelt grunnlag og gi uttrykk for kompetansen til eleven/deltakaren eller privatisten slik den kjem fram på eksamen.*

Kompetanse er i denne samanhengen definert som evna til å møte ei kompleks utfordring eller utføre ein kompleks aktivitet eller ei kompleks oppgåve.<sup>1</sup> Eksamensoppgåvene blir utforma slik at dei prøver denne kompetansen. Grunnlaget for å vurdere kompetansen elevane viser i eksamenssvaret, er kompetansemåla i læreplanen for fag.<sup>2</sup>

Dei grunnleggjande ferdigheitene er integrerte i kompetansemåla i alle læreplanane for fag. Grunnleggjande ferdigheiter vil derfor kunne prøvast indirekte til sentralt gitt eksamen. Grunnleggjande ferdigheiter utgjer ikkje eit sjølvstendig vurderingsgrunnlag.

## Karakterar

Forskrift til opplæringslova §§ 3-4 og 4-4 har generelle karakterbeskrivingar for grunnopplæringa:

- a) Karakteren 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget.
- b) Karakteren 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget.
- c) Karakteren 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget.
- d) Karakteren 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget.
- e) Karakteren 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget.
- f) Karakteren 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget.

---

<sup>1</sup> St.meld. nr. 30 (2003–2004) *Kultur for læring*.

<sup>2</sup> Forskrift til opplæringslova §§ 3-3 og 4-3.

Kjenneteikna på måloppnåing i den fagspesifikke delen av vurderingsrettleiingane beskriv nærmare kva for eksempel "god kompetanse i faget" vil seie for eit bestemt fag til skriftleg eksamen.

## Del 2 Fagspesifikk del

### Norsk Vg3 studieførebuande utdanningsprogram og påbygging til generell studiekompetanse

Alle skal opp til skriftleg eksamen i norsk hovudmål eller samisk førstespråk. Skriftleg eksamen i norsk sidemål er trekkfag på linje med programfaga. Det same gjeld norsk for elevar med samisk som førstespråk.

Eksamen er ei prøve i tekstkompetanse. Elevane skal lese ulike tekstar og sjølv produsere ein eller to tekstar på grunnlag av det.

#### Hjelpemiddel til eksamen, ikkje førebuingsdag

Det er ikkje førebuingsdag til eksamenane i norsk hovudmål, norsk sidemål og norsk for elevar med samisk som førstespråk eller andrespråk. Oppgåvesetta har vedlegg med eit avgrensa tekstmateriale som eksaminanden får når eksamenen tek til. Dei fleste oppgåvene vil vere knytte til dette tekstmaterialet. Samansette tekstar kan vere ein del av tekstmaterialet.

Alle hjelpemiddel er tillatne på eksamen, med unntak av Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. Det er heller ikkje tillate å bruke omsetjingsprogram.

#### Hovudmål og sidemål

Fordi kompetansemåla er felles for bokmål og nynorsk, er det ingen fagleg nivåforskjell på innhaldet i hovudmåls eksamen og sidemåls eksamen. Dei elevane som blir trekte ut til eksamen i norsk sidemål, får oppgåver med andre tema enn dei har fått i norsk hovudmål.

#### To variantar: éin lang tekst, eller både eit kortsvar og ein lang tekst

Det er to variantar av oppgåvesetta:

- a Oppgåvesettet har fleire oppgåver, som alle krev fagleg innhald. Eksaminanden skal velje éi av oppgåvene.
- b Oppgåvesettet har to delar: ei obligatorisk kortsvaroppgåve med fagleg innhald og ein langsvardel der eksaminanden vel éi av fleire oppgåver. Av desse kan somme vere kreative oppgåver som novelle eller kåseri.

Begge variantane kan bli brukte som eksamensoppgåver både ved norsk hovudmål og ved norsk sidemål. Det blir ikkje informert på førehand om kva variant som blir gitt som hovudmål.

## Krav til kortsvar

Kortsvaroppgåva ber om ei utgreiing om eit fagleg emne med tilknytning til ein vedlagd tekst. Formålet er å vise fagleg innsikt og kunnskapar.

Svaret bør ikkje vere lengre enn ca. 250 ord. Det skal vere forma som ein samanhengande tekst, men det blir ikkje bedt om svar i ein bestemt sjanger. Ei god eksamensførebuing er å trene på å skrive korte, presise svar på faglege spørsmål eller problemstillingar.

Ulike kompetansemål kan leggjast til grunn for kortsvaroppgåvene. Oppgåvene vil ta omsyn til at svaret skal vere kortfatta, og vil derfor vere avgrensa. Eksempla under er ikkje utfyllande, men viser kva type spørsmål som er aktuelle:

- påvise nokre sjangertrekk og/eller språklege verkemiddel i ein tekst og kva funksjon dei har
- forklare argumentasjonen i ein kort sakprosa
- peike på særtrekk ved språket i ein eller to tekstar
- samanlikne form og/eller innhald i to korte tekstar
- vise kva verkemiddel som blir brukte for å karakterisere for eksempel ein litterær person

## Krav til lengre tekstar

Læreplanen har kompetansemål for både sakprosa og skjønnlitterær skrivning. I hovudområdet for skriftlege tekstar er resonnerande tekstar, argumenterande tekstar og kreative tekstar framheva. I hovudområdet for språk og kultur blir det framheva at elevane skal kunne beskrive, gjere greie for, forklare, samanlikne, drøfte og vurdere, og dei skal kunne analysere og tolke. Dette ligg til grunn for utforminga av langsvareoppgåvene.

Vi vil understreke at elevane må trene på å strukturere og forme teksten sin i samsvar med den sjangeren dei har valt. Når ein skriv på pc, er det lett å skrive langt og dermed ein risiko for å skrive seg bort. Det er viktigare at teksten svarer på oppgåva, enn at han har ei bestemt lengd. Derfor bør elevane setje av tid til å gå gjennom det dei har skrive.

Lengda er med andre ord ikkje eit sjølvstendig kriterium for vurderinga, men heng saman med om teksten er gjennomarbeidd og innhaldet er relevant. Sensor vurderer både form, språk og innhald i teksten.

I fagtekstar skal elevane vise evne til å velje ut det fagstoffet som er relevant i den aktuelle samanhengen. Ukritisk bruk av fagstoff som ikkje er relevant for oppgåva, vil trekkje ned.

## Nytt våren 2011: Kommentrar til eksamensoppgåvene

Dei siste åra har det vore utarbeidd sensorrettleiingar med kommentarar til kvar oppgåve, som blant anna seier kva som kjenneteiknar eit godt svar. Frå og med våren 2011 blir oppgåvekommentarane til sensorane erstatta med ein kort kommentar til kvar oppgåve i oppgåvesettet. Oppgåvene i seg sjølv vil ikkje vere forskjellige frå dei som har vore gitt dei siste to åra. Føremålet med oppgåvekommentarane er

- å gi eksaminand og sensor mest mogeleg lik informasjon
- å redusere risikoen for mistydingar og feiltolkingar
- å gjere eksaminandane tryggare på korleis dei kan gå fram for å løyse oppgåva
- å seie, svært kortfatta, korleis svaret bør vere for å vise høg grad av måloppnåing

Kommentarane byggjer på dei generelle kjenneteikna på måloppnåing til eksamen (sjå side 11–12 i denne rettleiinga), men er tilpassa til den konkrete oppgåva. Kjenneteikna på måloppnåing er ikkje endra. Det er viktig å merke seg at sensorane skal vurdere elevsvara på same måte som tidlegare.

De to eksempla under viser korleis kommentarane er forma:

### Eksempel 1

Vedlegg: Tekst X og tekst Y

Tolk og samanlikn dei to tekstane.

#### **Kommentar**

*Du skal skrive om form og innhald i begge tekstane, og du skal skrive om lag like mykje om kvar tekst. Du bør samanlikne både formelle og innhaldsmessige sider ved tekstane, men du kan velje kva du vil leggje mest vekt på. For å vise høg grad av måloppnåing bør du gjere greie for språklege verkemiddel på ein presis og oversiktleg måte.*

### Eksempel 2

Vedlegg: Tekst X

Analysér den samansette teksten. Bruk omgrep frå retorikken.

#### **Kommentar**

*Du skal skrive om både tekst og bilete, og om samspelet mellom dei. I analysen er det viktigare at du forstår dei omgrepa du bruker enn at du bruker mange faguttrykk. For å vise høg grad av måloppnåing bør du bruke fagspråk på ein relevant og presis måte, og på den måten forklare korleis teksten kommuniserer.*

Det vil framleis bli laga ei eiga sensorrettleiing med generell informasjon om sensurarbeidet og referansar til læreplanen.

## Kjeldebruk til norskeksamen

Arbeid med kjelder er forankra i læreplanen i norsk. Etter 10. årstrinn skal elevane kunne bruke publiserte tekstar på ein kritisk måte, drøfte tekstane og vise til kjeldene dei har brukt:

- *forklare opphavsrettslige regler for bruk av tekster hentet fra Internett (7. årstrinn)*
- *bruke tekster hentet fra bibliotek, Internett og massemedier på en kritisk måte, drøfte tekstene og referere til benyttede kilder (10. årstrinn)*

Etter Vg3 skal elevane kunne bruke faglege kjelder i eige arbeid, og dei skal meistre vanlege normer for fagskriving. Ei sentral norm for fagskriving er å vere ærleg og påliteleg ved all bruk av tekstar som andre har skrive.

Til skriftleg eksamen kan eleven velje mellom ulike oppgåver. Ingen av eksamensoppgåvene krev at eleven skal bruke bestemte kjelder, og elevane kan vise svært høg måloppnåing til eksamen utan å bruke kjelder i eigen tekst. Men i mange samanhengar er det relevant å vise til kva andre har skrive og bruke det i sin eigen tekst. Det gjeld særleg i utgreiingar og i resonnerande, argumenterande og drøftande tekstar.

Hovudregelen er at ein skal vise til kjeldene når ein hentar informasjon direkte frå noko ein annan har skrive, og når ein refererer til saker som det kan vere ulike meiningar om. Opplysningar som er allment kjende, treng ein ikkje å dokumentere.

Kjeldebruken skal vere ryddig. Eleven skal kunne vise til kjelda, anten som referanse i hovudteksten eller som fotnotar. Eleven skal også kunne lage ei litteraturliste med oversikt over dei kjeldene som er brukte i teksten. Til eksamen i vidaregåande skole er det viktigare for vurderinga at kjeldebruken er ryddig og oversiktleg, enn at dei formelle krava blir følgde nøyaktig (sjå òg del 1).

Ei kjelde er i denne samanhengen ein tekst som lesaren kan finne fram til. Bruker eleven sine egne notat som støtte for eksamenssvaret, blir ikkje det rekna som ei kjelde. Tekstar som eleven har fått utdelt på skolen, til dømes samandrag av forelesingane til læraren eller oversiktar knytte til ulike tema, er vanlegvis ikkje publiserte tekstar. Men dei kan vere bygde på ulike kjelder, og dei kan føre til at delar av elevsvar frå same skole blir svært like. Elevane må vere merksame på det og føre opp slikt materiell som kjelder. Dei bør alltid føre opp kjelda dersom dei er i tvil.

## Vurdering

Det er den samla kompetansen eleven viser som ligg til grunn for vurderinga. Det blir gitt éin karakter, også når svaret er samansett av både eit kortsvar og ein lang tekst. Dersom det ved sensuren blir påvist at delar av eller heile svaret er kopi av tekst som andre har produsert, vil den delen bli vurdert til lågaste karakter.

Vurderinga i norsk for elevar med samisk som førstespråk skal ta omsyn til at dei har ein eigen læreplan.

## Kompetansemål, kjenneteikn på måloppnåing og eksamen

Elevane kan bli prøvde i mål frå hovudområda *skriftlege tekstar, samansette tekstar og språk og kultur*. Dei konkrete eksamensoppgåvene prøver eit mindre utval av kompetansemåla. Eit konkret svar kan likevel vise brei kompetanse i faget. Sensor skal alltid vurdere heilskapen i svaret.

Oversikta under viser samanhangen mellom kompetansemål og kjenneteikn på måloppnåing til skriftleg eksamen i fagkodane NOR1211, NOR1212 og NOR1218:

<b>Skrivekompetanse:</b>  <b>Oppbygging</b> (frå hovudområdet <i>skriftlege tekstar</i> )	<ul style="list-style-type: none"><li>• skrive essay, litterære tolkningar og andre resonnerende tekster på bokmål og nynorsk, med utgangspunkt i litterære tekster og norsk tekst- og språkhistorie (Vg2)</li><li>• skrive klart disponerte tekster med tydelig fokus og saklig argumentasjon (Vg3)</li><li>• vurdere argumentasjon i andres tekster og underbygge egne påstander ved saklig argumentasjon (Vg3)</li><li>• bruke kunnskap om tekst, sjanger og litterære virkemidler i egen skjønnlitterær skriving på bokmål og nynorsk (Vg3)</li><li>• bruke et bredt register av språklige virkemidler i egen skriving, i sakprosa og kreative tekster, på bokmål og nynorsk (Vg1)</li><li>• mestre ulike skriveroller som finnes i skole, samfunn og arbeidsliv (Vg1)</li><li>• skrive fagtekster etter vanlige normer for fagskriving på bokmål og nynorsk (Vg3)</li></ul>
<b>Skrivekompetanse:</b>  <b>Språk, formelle dugleikar</b> (frå hovudområdet <i>skriftlege tekstar</i> )	<ul style="list-style-type: none"><li>• beherske formverk og tekstbinding på bokmål og nynorsk (Vg3)</li><li>• skrive fagtekster etter vanlige normer for fagskriving på bokmål og nynorsk (Vg3)</li></ul> <p><i>Kompetansemål frå grunnskolen som er føresett kjende i vidaregåande opplæring:</i></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• mestre ortografi, tegnsetting, variert ordforråd og bruk av ulike setningskonstruksjoner (7. årstrinn)</li><li>• bruke tekster hentet fra bibliotek, Internett og massemedier på en kritisk måte, drøfte tekstene og referere til benyttede kilder (10. årstrinn)</li></ul>
<b>Forståing og bruk av vedlagde tekstar</b> (frå hovudområda <i>skriftlege tekstar</i> og <i>samansette tekstar</i> )	<ul style="list-style-type: none"><li>• drøfte innhold, form og formål i et representativt utvalg samtidstekster, skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk og i oversettelse fra samisk (Vg1)</li><li>• gjøre rede for et bredt register av språklige virkemidler og forklare hvilken funksjon de har (Vg1)</li><li>• forklare argumentasjonen i sakprosa (Vg1)</li><li>• beskrive samspillet mellom muntlig og skriftlig språk, bilder, lyd og musikk, bevegelse, grafikk og design og vise sammenhengen mellom innhold, form og formål (Vg1)</li><li>• beskrive estetiske uttrykk i teater, film, musikkvideo, aviser og reklame og drøfte ulike funksjoner knyttet til språk og bilde (Vg1)</li><li>• lese et utvalg sentrale norske tekster fra middelalderen fram til 1870 i original språkdrakt og reflektere over språk og innhold (Vg2)</li><li>• analysere tekster i ulike sjangere for å kunne ta stilling til spørsmål tekstene tar opp, og verdier de representerer (Vg2)</li><li>• gjøre rede for et utvalg nordiske tekster i oversettelse og original (Vg2)</li><li>• vurdere bruk av estetiske virkemidler i ulike medier (Vg2)</li></ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• lese og tolke eksperimenterende og modernistiske tekster og bruke disse som utgangspunkt for egen tekstproduksjon (Vg3)</li> <li>• bruke begrepsapparat fra retorikken for å analysere og vurdere tekster i ulike sjangere (Vg3)</li> <li>• vurdere argumentasjon i andres tekster og underbygge egne påstander ved saklig argumentasjon (Vg3)</li> <li>• sammenligne og vurdere tekster som overføres fra ett medium til et annet (Vg3)</li> <li>• analysere og vurdere argumentasjon i og påvirkning fra tekster i aviser, på TV og Internett ved hjelp av begreper fra retorikken (Vg3)</li> </ul>
<p><b>Forståing av språk og kultur</b> (frå hovud-området <i>språk og kultur</i>)</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• vurdere fortellemåter og verdier i et representativt utvalg samtidstekster sammenlignet med tekster fra norrøn og samisk litteratur, myter og folkediktning fra flere land (Vg1)</li> <li>• forklare flerspråklighet og gi eksempler på hvordan språklig og kulturell samhandling kan bidra til språklige endringer og kulturell bevissthet (Vg1)</li> <li>• forklare grammatiske særtrekk ved norsk språk, sammenlignet med andre språk (Vg1)</li> <li>• gjøre rede for mangfoldet av muntlige, skriftlige og sammensatte sjangere og medier i det norske samfunnet i dag, og hvilken rolle de spiller i offentligheten (Vg1)</li> <li>• beskrive og vurdere hvordan språk og sjangere brukes av representanter for ulike yrkesgrupper og i ulike sosiale sammenhenger (Vg1)</li> <li>• hente, vurdere og anvende fagstoff fra digitale kilder i muntlig og skriftlig arbeid (Vg1)</li> <li>• gjøre rede for viktige utviklingslinjer og noen sentrale forfatterskap i norsk og europeisk litteratur fra middelalderen til og med romantikken og denne litteraturens forhold til øvrig europeisk kulturhistorie (Vg2)</li> <li>• forklare hvordan ulike forestillinger om <i>det norske</i> ble skapt i sentrale tekster fra 1800 til 1870 (Vg2)</li> <li>• forklare hvordan litteratur og andre kunstuttrykk i og utenfor Norge har påvirket hverandre de siste århundrene (Vg2)</li> <li>• drøfte fellesskap og mangfold, kulturmøter og kulturkonflikter med utgangspunkt i et bredt utvalg av norske og utenlandske samtidstekster i ulike sjangere (Vg2)</li> <li>• drøfte sider ved norsk språkpolitikk og kulturutvikling i et globaliseringsperspektiv (Vg2)</li> <li>• gjøre rede for likheter og forskjeller mellom de nordiske språkene og mellom norrønt og moderne norsk språk (Vg2)</li> <li>• drøfte det moderne prosjektet slik det uttrykkes i tekster av sentrale forfattere fra opplysningstiden via realismen til i dag (Vg3)</li> <li>• gjøre rede for den modernistiske tradisjonen i norsk og internasjonal litteratur fra siste halvdel av 1800-tallet til i dag (Vg3)</li> <li>• gjøre rede for norsk språkdebatt og språkpolitikk fra 1830-årene til vår tid (Vg3)</li> <li>• beskrive og sammenligne de nordiske lands språksituasjon og språkpolitikk (Vg3)</li> <li>• gjøre rede for forholdet mellom muntlig og skriftlig språk og for særtrekk ved et utvalg norske talemålsvarianter (Vg3)</li> <li>• bruke bibliotekets sentrale databaser og andre faglige kilder, både tradisjonelle og elektroniske, i egne arbeider (Vg3)</li> </ul>

## Kjenneteikn på måloppnåing til skriftleg eksamen Vg3 studieførebuande og påbygging til generell studiekompetanse

	Karakter 2 Svaret viser at eleven kan	Karakter 3–4 Svaret viser at eleven kan	Karakter 5–6 Svaret viser at eleven kan
<b>Hovudintrykk</b>	skrive ein tekst som kommuniserer og til ei viss grad fungerer som ein heilskap  svare delvis relevant på oppgåva	skrive ein tekst som fungerer godt som ein heilskap  svare stort sett relevant på oppgåva	skrive ein tekst som fungerer svært godt som ein heilskap  svare utfyllande og relevant på oppgåva
<b>Skrivekompetanse:</b>  <b>Oppbygging</b> (frå hovudområdet <i>skriftlege tekstar</i> )	skrive tekstar med ein viss tematisk samanheng  skrive tekstar med synleg struktur i den valde sjangeren  bruke nokre enkle språklege verkemiddel i den valde sjangeren	skrive tekstar med tematisk samanheng  skrive tekstar med stort sett føremålstenleg struktur i den valde sjangeren  bruke språklege verkemiddel i den valde sjangeren	skrive tekstar med klar tematisk samanheng  skrive tekstar med klar og føremålstenleg struktur i den valde sjangeren  bruke eit breitt register av språklege verkemiddel i den valde sjangeren
<b>Skrivekompetanse:</b>  <b>Språk, formelle dugleikar</b> (frå hovudområdet <i>skriftlege tekstar</i> )	meistre hovudformene i formverket til ei viss grad og skrive samanhengande  til ei viss grad meistre ortografi og teiknsetjing  bruke eit enkelt ordforråd og i noka grad kunne variere setningskonstruksjonar  skilje mellom sitat frå kjelder og eigenprodusert tekst	meistre hovudformene i formverket, ha stort sett god tekstbinding  stort sett meistre ortografi og teiknsetjing  bruke eit variert ordforråd og varierte setningskonstruksjonar  markere sitat og vise til kjelder på ein ryddig måte	meistre formverket godt, ha god tekstbinding  meistre ortografi og teiknsetjing  bruke eit stort og variert ordforråd og varierte setningskonstruksjonar  markere sitat og vise til kjelder på ein ryddig og nøyaktig måte
<b>Forståing og bruk av vedlagde tekstar</b> (frå hovudområda <i>skriftlege tekstar</i> og <i>samansette tekstar</i> )	peike på nokre språklege verkemiddel i tekstar  peike på nokre sider ved innhald og form i tekstar  analysere tekstar på ein enkel måte med lite bruk av fagspråk  i noka grad grunngi eigne meiningar om tekstane	gjere greie for språklege verkemiddel og i noka grad vise korleis dei fungerer i teksten  tolke, vurdere eller samanlikne tekstar på ein enkel, men relevant måte  analysere tekstar ved å bruke noko fagspråk  ta stilling til spørsmål og verdiar i tekstar, delvis grunngi eiga vurdering	gjere greie for språklege verkemiddel på ein presis og oversiktleg måte, og vise korleis dei fungerer i teksten  tolke, vurdere eller samanlikne tekstar på ein nyansert måte  analysere tekstar ved hjelp av eit presist fagspråk  ta stilling til spørsmål og verdiar i tekstar på bakgrunn av ein analyse, grunngi eiga vurdering

<b>Forståing av språk og kultur</b> (frå hovud-området <i>språk og kultur</i> )	forklare, vurdere eller drøfte språk- og kulturforhold på ein enkel måte, med utgangspunkt i vedlagde tekstar	forklare, vurdere eller drøfte nokre språk- og kulturforhold med utgangspunkt i vedlagde tekstar	forklare, vurdere eller drøfte språk- og kulturforhold på ein reflektert måte, med utgangspunkt i vedlagde tekstar
	gjere greie for nokre historiske utviklingstrekk og andre faglege emne på ein enkel måte	gjere greie for historiske utviklingstrekk og andre faglege emne på ein oversiktleg og stort sett relevant måte	gjere greie for historiske utviklingstrekk og andre faglege emne på ein oversiktleg og relevant måte
	i lita grad bruke kjelder på ein relevant måte	i noka grad bruke kjelder på ein relevant måte	bruke kjelder på ein relevant og kritisk måte

**For karakternivå 1:** Karakteren 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget.

# Vurderingsskjema til eksamen, norsk Vg3 (kortsvar og langsvaer)

obs to sider

Skule	Gruppe	Eksaminandnr.	Fagkode	BM/NN	Oppg.nr.
-------	--------	---------------	---------	-------	----------

	Karakter 1	Karakter 2 Svaret viser at eleven kan	Karakter 3-4 Svaret viser at eleven kan	Karakter 5-6 Svaret viser at eleven kan	Kommentarar
<b>KORTSVAR Oppbygging</b>		skrive ein kort tekst med synleg struktur	skrive ein kort tekst med ein stort sett hensiktsmessig struktur	skrive ein kort tekst med klar og hensiktsmessig struktur	
<b>KORTSVAR Fagleg innhald</b>		gjere greie for faglege emne på ein enkel måte  peike på nokre karakteristiske trekk ved ein tekst/tekstar	gjere greie for faglege emne på ein oversiktleg og stort sett relevant måte  gjere greie for karakteristiske trekk ved ein tekst/tekstar	gjere greie for faglege emne på en oversiktleg og presis måte  gjere kort og presist greie for karakteristiske trekk ved ein tekst/tekstar, nytte fagspråk	
<b>KORTSVAR OG LANGSVAR  Språk, formelle dugleikar</b>		meistre hovudformene i formverket til ei viss grad og skrive samanhengande  til ei viss grad meistre ortografi og teiknsetjing  bruke eit enkelt ordforråd og i noka grad kunne variere setningskonstruksjonar  skilje mellom sitat frå kjelder og eigenprodusert tekst	meistre hovudformene i formverket, ha stort sett god tekstbinding  stort sett meistre ortografi og teiknsetjing  bruke eit variert ordforråd og varierte setningskonstruksjonar  markere sitat og vise til kjelder på ein ryddig måte	meistre formverket godt, ha god tekstbinding  meistre ortografi og teiknsetjing  bruke eit stort og variert ordforråd og varierte setningskonstruksjonar  markere sitat og vise til kjelder på ein ryddig og nøyaktig måte	
<b>LANGSVAR Oppbygging</b>		skrive tekstar med ein viss tematisk samanheng  skrive tekstar med synleg struktur i den valde sjangeren  bruke nokre enkle språklege verkemiddel i den valde sjangeren	skrive tekstar med tematisk samanheng  skrive tekstar med stort sett føremålstenleg struktur i den valde sjangeren  bruke språklege verkemiddel i den valde sjangeren	skrive tekstar med klar tematisk samanheng  skrive tekstar med klar og føremålstenleg struktur i den valde sjangeren  bruke eit breitt register av språklege verkemiddel i den valde sjangeren	

# Vurderingsskjema til eksamen, norsk Vg3 (kortsvar og langsvaer)

obs to sider

<p><b>LANGSVAR</b>  <b>Forståing og bruk av vedlagde tekstar</b></p>		<p>peike på nokre språklege verkemiddel i tekstar</p> <p>peike på nokre sider ved innhald og form i tekstar</p> <p>analysere tekstar på ein enkel måte med lite bruk av fagspråk</p> <p>i nokon grad grunngi eigne meiningar om tekstane</p>	<p>gjere greie for språklege verkemiddel og i noka grad vise korleis dei fungerer i teksten</p> <p>tolke, vurdere eller samanlikne tekstar på ein enkel, men relevant måte</p> <p>analysere tekstar ved å bruke noko fagspråk</p> <p>ta stilling til spørsmål og verdiar i tekstar, delvis grunngi eiga vurdering</p>	<p>gjere greie for språklege verkemiddel på ein presis og oversiktleg måte, og vise korleis dei fungerer i teksten</p> <p>tolke, vurdere eller samanlikne tekstar på ein nyansert måte</p> <p>analysere tekstar ved hjelp av eit presist fagspråk</p> <p>ta stilling til spørsmål og verdiar i tekstar på bakgrunn av ein analyse, grunngi eiga vurdering</p>	
<p><b>LANGSVAR</b>  <b>Forståing av språk og kultur</b></p>		<p>forklare, vurdere eller drøfte språk- og kulturforhold på ein enkel måte, med utgangspunkt i vedlagde tekstar</p> <p>gjere greie for nokre historiske utviklingstrekk og andre faglege emne på ein enkel måte</p> <p>i liten grad bruke kjelder på ein relevant måte</p>	<p>forklare, vurdere eller drøfte nokre språk- og kulturforhold med utgangspunkt i vedlagde tekstar</p> <p>gjere greie for historiske utviklingstrekk og andre faglege emne på ein oversiktleg og stort sett relevant måte</p> <p>i nokon grad bruke kjelder på ein relevant måte</p>	<p>forklare, vurdere eller drøfte språk- og kulturforhold på ein reflektert måte, med utgangspunkt i vedlagde tekstar</p> <p>gjere greie for historiske utviklingstrekk og andre faglege emne på ein oversiktleg og relevant måte</p> <p>bruke kjelder på ein relevant og kritisk måte</p>	
<p><b>KORTSVAR OG LANGSVAR</b>  <b>Hovudintrykk</b></p>		<p>svare delvis relevant på kortsvaroppgåva</p> <p>Svare delvis relevant på langsvaroppgåva</p> <p>skrive tekstar som kommuniserer og til ein viss grad fungerer som ein heilskap</p>	<p>svare stort sett relevant på kortsvaroppgåva</p> <p>svare stort sett relevant på langsvaroppgåva</p> <p>skrive tekstar som fungerer godt som ein heilskap</p>	<p>svare presist og relevant på kortsvaroppgåva</p> <p>svare utfyllande og relevant på langsvaroppgåva</p> <p>skrive tekstar som fungerer svært godt som ein heilskap</p>	

**Karakterforslag:**

Skule	Gruppe	Eksaminandnr.	Fagkode	BM/NN	Oppg.nr.
-------	--------	---------------	---------	-------	----------

	Karakter 1	Karakter 2 Svaret viser at eleven kan	Karakter 3-4 Svaret viser at eleven kan	Karakter 5-6 Svaret viser at eleven kan	Eigne kommentarar
<b>Oppbygging</b>		skrive tekstar med ein viss tematisk samanheng  skrive tekstar med synleg struktur i den valde sjangeren  bruke nokre enkle språklege verkemiddel i den valde sjangeren	skrive tekstar med tematisk samanheng  skrive tekstar med stort sett føremålstenleg struktur i den valde sjangeren  bruke språklege verkemiddel i den valde sjangeren	skrive tekstar med klar tematisk samanheng  skrive tekstar med klar og føremålstenleg struktur i den valde sjangeren  bruke eit breitt register av språklege verkemiddel i den valde sjangeren	
<b>Språk, formelle dugleikar</b>		meistre hovudformene i formverket til ei viss grad og skrive samanhengande  til ein viss grad meistre ortografi og teiknsetjing  bruke eit enkelt ordforråd og i noka grad kunne variere setningskonstruksjonar  skilje mellom sitat frå kjelder og eigenprodusert tekst	meistre hovudformene i formverket, ha stort sett god tekstbinding  stort sett meistre ortografi og teiknsetjing  bruke eit variert ordforråd og varierte setningskonstruksjonar  markere sitat og vise til kjelder på ein ryddig måte	meistre formverket godt, ha god tekstbinding  meistre ortografi og teiknsetjing  bruke eit stort og variert ordforråd og varierte setningskonstruksjonar  markere sitat og vise til kjelder på ein ryddig og nøyaktig måte	
<b>Forståing og bruk av vedlagde tekstar</b>		peike på nokre språklege verkemiddel i tekstar	gjere greie for språklege verkemiddel og i nokon grad vise korleis dei fungerer i teksten	gjere greie for språklege verkemiddel på ein presis og oversiktleg måte, og vise korleis dei fungerer i teksten	

# Vurderingsskjema til eksamen, norsk Vg3 (langsvar)

obs to sider

		<p>peike på nokre sider ved innhald og form i tekstar</p> <p>analysere tekstar på ein enkel måte med lite bruk av fagspråk</p> <p>i nokon grad grunngi eigne meiningar om tekstane</p>	<p>tolke, vurdere eller samanlikne tekstar på ein enkel, men relevant måte</p> <p>analysere tekstar ved å bruke noko fagspråk</p> <p>ta stilling til spørsmål og verdiar i tekstar, delvis grunngi eiga vurdering</p>	<p>tolke, vurdere eller samanlikne tekstar på ein nyansert måte</p> <p>analysere tekstar ved hjelp av eit presist fagspråk</p> <p>ta stilling til spørsmål og verdiar i tekstar på bakgrunn av ein analyse, grunngi eiga vurdering</p>	
<b>Forståing av språk og kultur</b>		<p>forklare, vurdere eller drøfte språk- og kulturforhold på ein enkel måte, med utgangspunkt i vedlagde tekstar</p> <p>gjere greie for nokre historiske utviklingstrekk og andre faglege emne på ein enkel måte</p> <p>i liten grad bruke kjelder på ein relevant måte</p>	<p>forklare, vurdere eller drøfte nokre språk- og kulturforhold med utgangspunkt i vedlagde tekstar</p> <p>gjere greie for historiske utviklingstrekk og andre faglege emne på ein oversiktleg og stort sett relevant måte</p> <p>i nokon grad bruke kjelder på ein relevant måte</p>	<p>forklare, vurdere eller drøfte språk- og kulturforhold på ein reflektert måte, med utgangspunkt i vedlagde tekstar</p> <p>gjere greie for historiske utviklingstrekk og andre faglege emne på ein oversiktleg og relevant måte</p> <p>bruke kjelder på ein relevant og kritisk måte</p>	
<b>Hovudintrykk</b>		<p>skrive ein tekst som kommuniserer og til ei viss grad fungerer som ein heilskap</p> <p>svare delvis relevant på oppgåva</p>	<p>skrive ein tekst som fungerer godt som ein heilskap</p> <p>svare stort sett relevant på oppgåva</p>	<p>skrive ein tekst som fungerer svært godt som ein heilskap</p> <p>svare utfyllande og relevant på oppgåva</p>	

## Karakterforslag:



Schweigaards gate 15  
Postboks 9359 Grønland  
0135 OSLO  
Telefon 23 30 12 00  
[www.utdanningsdirektoratet.no](http://www.utdanningsdirektoratet.no)